



Tingvoll, 2.7.2021

Volda kommune  
postmottak@volda.kommune

## **AKVAKULTUR AV MATFISK – NY LOKALITET VED ALIDA**

Ref. saksnr. 21/2317

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda har levert fråsegn til saka. Når fylkeslaget også sender ei fråsegn, er det fordi det er nokre meir generelle trekk vi vil gjere spesielt merksame på.

Forsking på nye oppdrettsartar vil normalt svare på oppdrettarane sine behov. Samfunnet sine behov tar ikkje dei så mykje ansvar for. Dermed vil samfunnet sine behov li av kunnskapsmangel. Slik var og er det med laksen, og slik kan ein rekne med det er med torsken også. Det er nødvendig at samfunnet tar tak i dette og ikkje overlet dette til oppdrettsnæringa aleine.

Torsken rømmer minst like lett som laksen, og det er ikkje særleg bra. Med laksen har ein genetisk ureiningsverknad for vill-laksen, og det same må ein tru vil vere gjeldande for torsken. For torsken gjeld også at han kan påverke artsfrendar på andre sida av nota og treng ikkje rømme ein gong for at dette skal vere problem i stort omfang.

Der mykje fisk blir samla, eller andre artar for den del, må ein rekne med sjukdom, både slike ein kjenner til frå før, og nye. Når ein har stoppa volumauke når det gjeld laks fordi ein har møtt ein del problem, så vil det vere gale å bruke resten av sjøareala til torsk for å unngå den same typen problem. Det kan gå nokre år, men så er det stopp, og då endå meir fastlåst enn når det berre gjeld laks.

Det opplagde alternativet med tette oppdrettsordningar har også sine sider. Mellom anna er i alle fall laksenæringa i behov for mykje energi. Reinsegraden er dessutan ikkje hundre prosent, og sidan det er store volum, så blir sjølv ein mindre prosent som ikkje blir reinsa ganske mykje.

Torskeoppdrett er framleis ei umoden næring som samfunnet ikkje er budd på. Det er nødvendig å gje seg tid, slik at ei slik næring blir utvikla på naturen sine premiss.

Med helsing

Øystein Folden  
Leiar

Kopi: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal